



Absolutt Form - Rolf Hermansen  
Bredsgården 2  
5003 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1239 - 17/21493

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
20.07.2017

## Løyve til igangsetting resterande del av påbygg/tilbygg til einebustad - gbnr 188/135 Gjervik ytre

**Administrativt vedtak. Saknr: 352/17**

**Tiltakshavar:** Frode Nygaard Knutsen

**Ansvarleg søkjar:** Absolutt Form

**Søknadstype:** Søknad om løyve til igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5.ledd.

### Tiltak

Saka gjeld søknad igangsetting av resterande del av tiltak godkjent i rammeløyve datert 27.06.14, samt mindre endringar av tidlegare godkjent tiltak i form av endra utførsle av vindauge i stove i opphaveleg bygning og justeringar av innvendige veggjar i tilbygg. Det er og søkt om innreiing av leilighet i kjellar.

### Innreiing av leilighet i kjellar vert handsama som eigen sak og er ikkje omfatta av dette vedtaket

Det vert elles vist til søknad motteken 10.02.17 og supplert 19.06.17.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 11.04.17. Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 19.06.17.

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav a, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av resterande del av tiltaket. Løyvet omfattar endra utførsle av vindauge i stove i opphaveleg busta, samt mindre justering av innvendige veggjar i tilbygg. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:**

- 1. Rammeløyve av 27.06.14 med vilkår og ansvar gjeld for tiltaket. Teikningar dagsett 19.07.17 vert lagt til grunn ved vidare handsaming av saka.**

**Innreiing av kjellarleilighet med romfunksjonar og ny situasjonsplan dagsett 19.06.17 er ikkje omfatta av dette vedtak, søknaden vert handsama som eigen sak med arkivsakid.: 17/2296.**



## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 14/1239**

## Ansvar

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

## Bortfall av løyve

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

## Avfall

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

## Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Absolutt Form - Rolf Hermansen	Bredsgården 2	5003	BERGEN
Frode Nygaard Knutsen	Strandvegen 67	5914	ISDALSTØ
Frode Nygaard Knutsen	Strandvegen 67	5914	ISDALSTØ

### Mottakarar:

Absolutt Form - Rolf Hermansen	Bredsgården 2	5003	BERGEN
--------------------------------	---------------	------	--------